



Meland kommune

Tilleggsinnkalling til Kommunestyret

Møtedato: 15.05.2019
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 15.00

Representantar frå FAU, SU og elevrådet ved Meland ungdomsskule vil informere om plassmangel og tilstand på skulen.

Eventuelle forfall må meldast til Randi Helene Hilland per tlf. 56171034, sms til eller per epost til randi.hilland@meland.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
-------	--------

25/2019	Interpellasjon om tiltak mot insektsdød
---------	---

9. mai 2019

Øyvind H. Oddekalv
ordfører

Randi Helene Hilland
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind H. Oddekalv	FE-033, TI-&29	19/1027

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
25/2019	Kommunestyret	PS	15.05.2019

Interpellasjon om tiltak mot insektsdød

Vedlegg:

Interpellasjon om tiltak mot insektdød

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Til Ordføreren i Meland.

Interpellasjon om tiltak mot bie-, humle og insektdød.

FN naturpanel sin omfattande rapport om den globale tilstanden for naturen kom 6. mai. Meir enn 150 av verdas fremste naturforskarar har arbeidd i fleire år med rapporten, og han viser at tapet av natur og anna miljøødelegging er ein like stor trussel som klimaendringane. Insekt dør ut 8 gongar raskare enn pattedyr, og i løpet av dei neste tiåra risikerer 40 prosent av verdas insektartar å verte utrydda - eit urovekkande høgt tal! Insekta er heilt essensielle for oss og alt anna liv på jorda. Klarer vi ikkje å stanse denne utviklinga, vil vi stå overfor ein økologisk kollaps vi ikkje forstår rekkevidda av.

Tap av leveområde vert peika på som ei av hovuddrivkreftene bak masseutryddinga. Vi menneska blir fleire, og vi legg beslag på større og større areal av vill natur og bruker meir og meir ressursar. Naturområde tapar mot aukande urbanisering og matproduksjon. Insekta mister sine heimar. Naturen tapar mot konsekvensane av vår livsstil. Men enkle mottiltak finst.

Meland kommune kan med innføring av tiltak lista opp under motverke denne negative utviklinga. Ved å etablere «ein beste praksis» for å betre vilkåra for bier, humler og insekt i Meland no, kan me ta han med og få slike tiltak etablert i den nye Alver kommune.

Eit døme på tiltak er såkalla "smart kantslått", som forklart av verksemda Humleskolen (4). Smart kantslått går mellom anna ut på handsame vegkantane i større grad som nyanserte og oppdelte leveområde, og ikkje som lange, einsarta strekk, gjennomføre slått av urtevegetasjon i solrikt ver midt på dagen slik at vaksne insekt kan fuge unna, og så langt det er mogleg, gjennomføre kantslått av eng og urter ein gang i året, med tidlegast start 1. september.

Her er ei liste av tiltak MDG Meland kan tenkje seg å få innført i nye Alver kommune:

1. Etablere og skjøtte blomsterenger/villenger med stadeigne plantar på kommunen sine eigedommar, inkludert takareal, for å sikre artsmangfaldet av planter og insekt.
2. Kunn bruke stadeigne artar på kommunens grøntområde og blomebed.
Det skal alltid plantast artar som tiltrekker seg bier og humler.
3. Sette opp bie- og insekthotell i grøntområda kommunen eig.
4. Ta initiativ til i samarbeid med bondelaga, grunneigarlag og andre (t.d. hagelag, vellag, grendalag, Mjåtveitlvens foreining m.fl.) for å få laga ein strategi til fremje for pollinatorvenlege artar.
5. Etablerer ein strategi mot framande artar.
6. Drive «smart kantslått» langs kommunale vegar.
7. Smart kantslått og auka kantsone rundt dyrka mark skal først inn som grunnlag for tilskot i SMIL-strategien.
8. Tiltak for etablering, restaurering og bevaring av natur- og kulturlandskap som fungerer som viktige leveområde for insekta, som t.d. blomeenger, skal først inn som grunn for tilskot i SMIL-strategien.
9. Fase ut bruken av syntetiske sprøytemedel i kommunens drift av grøntområde og blomebed innan 2022. Som erstatning kan man for eksempel bruke Heatweed- metoden.
10. Legg til rette for enkel rådgiving for innbyggjarane om korleis ein kan gjere hagane meir insektvenlege, saman med andre relevante samarbeidspartnarar som nemnd under punkt 4.

Kva av desse tiltaka kan ordføraren sjå det mogleg å innføre i Meland dette året?

Med helsing
Leif Johnsen, MDG Meland,
Frekhaug 7. mai 2019.

Kjelder:

1. <https://www.sciencedirect.com/science/article/pii/S0006320718313636>
2. <https://www.nrk.no/norge/ny-stor-rapport -insekter-utryddes-i-voldsom-fart- -truer-helenaturens-overlevelse-1.14427108>
3. <https://www.nbcnews.com/news/world/bees-are-dying-alarming-rate-amsterdam-may-haveanswer-n897856>
4. <http://humleskolen.no/nyheter/kantslatt-et-tveegget-sverd/>

Framlegg til vedtak: